



BØMLO KOMMUNE
Rådhuset Leirdalen 1
5430 BREMNES

Saksbehandlar, innvalstelefon
Oda-Johanne Kjørnes, 5764 3293

Informasjon til foreldre om tilsyn med politiattest i skular og SFO

Vi har gjennomført felles nasjonalt tilsyn med Bømlo kommune, Bremnes ungdomsskule og Svortland skule. Tilsynet har handla om reglane for innhenting av politiattest og kravet om at personar med yrkesforbod ikkje kan tilsetjast i skulen.

Vi har avdekt brot på regelverket. Kommunen har derfor fått pålegg om å rette opp følgjande:

Kommunen må sikre at

- det går fram av jobbtilbodet at tilbodet kan blir endra dersom politiattesten inneheld merknader
- politiattest ligg føre før søkjaren blir tilsett
- politiattesten ikkje er eldre enn tre månader når han blir levert
- personar med merknadar som gir yrkesforbod, ikkje blir tilsett
- tilsette som enno ikkje har levert politiattest, gjer det

Vi har bede Bømlo kommune om å gjere greie for:

- kva tiltak dei har sett i verk eller planlegg å setje i verk for å rette regelverksbrotet
- korleis kommunen vil følgje opp at tiltaka blir sett i verk og regelverket blir følgt
- kva for interne fristar dei har sett for å sikre framdrift og gjennomføring

Fristen er 15. september 2026.

I tilsynsrapporten finn de nærmare opplysningar om vedtaket.

Med helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Oda-Johanne Kjørnes
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

